



Åseral kommune

EINING FOR UTVIKLING

NVE
Anton Jensensgate 7

3103 TØNSBERG

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2013/593 - 3	Øyvinn Moltumyr	S10	19.04.2018

UTTALE TIL HØYRING OM KONSESJONSPLIKTVURDERING - SANDVASSLI KRAFTVERK - NVE SAKSNUMMER 201305604-7

Det blir synt til oversending frå NVE 13.04.2018.

NVE ber om synspunkt på spørsmål om konsesjonsplikt i samband med planar om minikraftverk i Sandvasslielva på Ljosland i Åseral kommune.

NVE ber kommunen informere om kjente allmenne interesser blir råka av tiltaket og eventuelle andre faktiske forhold som kan få verknad for gjennomføringa. Som eksempel på allmenne interesser kan nemnast: friluftsliv, kulturminner, verdifulle naturtypar, rødlisteartar og informasjon om vilt. Som faktiske forhold av interesse kan òg nemnast informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, etc.

NVE ber og høyringsinstansane vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve til naturmangfaldlova sin § 8.

Administrasjonen si vurdering er at den føreliggande rapporten frå NNI - Rapport nr. 330 om biologisk mangfald gjev eit godt bilete av verknader for plante- og dyreliv. Det høyrer likevel med å nemna at det aktuelle området ligg innafor reviret til årvisst hekkande kongeørn. Det er òg registret hubroreir i område Langevatn. I praksis vil det likevel vera lite aktuelt med anleggsarbeid i område før eit stykke ut på sommaren. Dei nemnde artane vil då truleg vera mindre påverka av aktivitet i terrenget. Mi vurdering er at vanleg drift av kraftverket ikkje kan ha negativ effekt på dei nemnde artane.

Administrasjonen har ikkje kunnskap om kulturminner i området som kan bli negativt påverka av det planlagde tiltaket.

Vår vurdering er at området er lite brukt til friluftsliv. Skiløypa frå Ljosland mot Pytten og Gaukhei går over Langevatn aust for kraftverket. Vi kan ikkje sjå at kraftverket skulle ha tungtvegande negativ verknad for naturopplevinga ved bruk av denne løypa.

Det aktuelle område er i kommuneplanen regulert til LNF-område.

Ut frå dette meiner vi det ligg føre eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag jamfør naturmangfaldlova § 8.

Åseral kommune ser positivt på planane om kraftutbygging og kan ikkje sjå at det i dette tilfelle er naudsynt med konsesjonshandsaming.

Med helsing

Øyvin Moltumyr
næringssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

